

«Meir læring i barnehagen» – språkleg kamouflert ideologi

Det er problematisk at ei ny tyding av «å lære» blir brukt jamsides den gamle utan presisering. Det er med på å tilsløre eit av dei viktigaste spørsmåla i dagens barnehage- og skuledebatt, nemleg spørsmålet om det skal innførast meir skulebokkunnskap for dei minste.

I barnehage- og småskulesamanheng blir «å lære» no mykje brukt i ei ny tyding, nemleg om 'å lære skulebokstoff'. Når ein ikkje presiserer at det er dette ein meiner, inneber denne nye språkbruken eit snikargument for eit visst politisk syn. Alle er jo for at ungane skal lære, så ingen kan vel vera imot «meir læring i barnehagen»? Skal vi få til ein konstruktiv debatt om kva veg barnehagen og småskulen bør gå, trengst det klårgjering av språkbruken.

Det nye innhaldet i «å lære» er særleg knytt til substantivet «læring», som er gammalt i norsk (det står i ordbøkene til både Aasen og Ross), men som har fått eit kolossalt oppsving dei siste tiåra, truleg på grunn av påverknad frå engelsk «learning». Slik «læring» blir brukt no, er det i stor grad stammespråk; det er noko vi i utdanningssektoren (medrekna utdanningspolitikarar) snakkar mykje om, medan folk flest snakkar meir om «å lære». «Læring» kan derfor skapa unødvendig avstand. Det litt ufolkelege og framandgjerande i «læring» ser vi òg i at det fører til oppstylda, substantivisk språk. «Læring skjer» i staden for «ungane lærer» er på linje med å «gjøre potetene til gjenstand for kokning» i staden for å «koke poteter». «Det er mykje læring i dette» er vel det same som «dette er lærerrikt»? Eller kva med: «Det er mykje god læring i dette»? Det er vel smør på fleisk for det same? Eller finst det «dårleg læring»? Kva er dét, i så fall?

Det verkeleg problematiske er likevel at ei ny tyding av «å lære» blir brukt jamsides den gamle utan presisering. Det er med på å tilsløre eit av dei viktigaste spørsmåla i dagens barnehage- og skuledebatt, nemleg spørsmålet om det skal innførast meir skulebokkunnskap for dei minste. «Å lære» tyder på norsk tradisjonelt å «tileigne seg kunnskap eller tame [ferdigheit] i noko» (Nynorskordboka). I det er det ikkje noka avgrensing i typar kunnskap eller ferdigheit som vi kan lære. Vi seier at vi lærer anten det er teoretisk kunnskap frå ei skulebok eller frå ein jamnaldring i barnehagen, eller noko ein sjølv har erfart, som at det er lurt å ha vottar på når ein leikar i snø – eller praktisk ferdigheit som sykling og treklattring.

I Rammeplanen for barnehagen frå 2011¹ blir «å lære» brukt til dels i denne tradisjonelle, generelle tydinga, til dømes på s. 32: «Barn lærer og utvikler en sammensatt kompetanse gjennom leken.» Men vel så ofte blir det brukt i ei anna tyding, som på s. 22: «Veksling mellom lek, læring, konsentrasjon og utfoldelse er grunnleggende for fysisk og psykisk velvære.» Slik ordet blir brukt her, omfattar ikkje «læring» det ein lærer i leik; her tyder det truleg noko i retning av 'å lære skulebokstoff eller formalkunnskap'. Denne særtydinga av «å lære» / «læring» er no svært vanleg, både i samfunnsdebatten og blant barnehagelærarstudentane eg underviste ved Høgskolen



Eldar Heide

er uavhengig forskar på språk og kulturarv og har undervist i barnespråk som fyrsteamanuensis i norsk på barnehagelærarutdanninga ved Høgskolen i Bergen.

Illustrasjonsfoto:
Marte Gjærde

¹ http://www.udir.no/Upload/barnehage/Rammeplan/rammeplan_bokmaL2011nett.pdf?epslanguage=no.

i Bergen våren 2014, men så ny at korkje Nynorskordboka eller Bokmålsordboka har ho med. I rammeplanen er det ei uforløyst spenning mellom desse tydingane av «å lære», og det ser ikkje ut som ein har tenkt over det, for det er ingen tilløp til definering eller problematisering av omgrepet. Det næraste er når ein snakkar om formelle og uformelle lærings situasjonar, som

«Skal barnehagen innrette seg etter samfunnsøkonomien og næringslivet sine interesser?»

nettopp gjeld situasjon, ikkje type lærdom.

Tendensen i den offentlege debatten dei siste åra har vore at ein meir og meir brukar den siste tydinga av «å lære», men utan presisering eller problematisering. Det gjeld særleg dei som ønskjer større vekt på formalkunnskap i barnehagen og småskulen. Til dømes går kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen inn for å «kombinere lek og læring i barnehagen».² Med det meiner han truleg at ungane skal få inn skulebokkunnskap gjennom spesielt uttenkt og tilrettelagd leik. Då Kristin Vinje, utdanningspolitisk talskvinne i Høgre, i januar føreslo skulestart for femåringar (etter at NHO hadde gjort det), var det mykje på grunn av «behovet for tidlig læring».³ Ho meiner neppe at ungane ikkje lærer noko i barnehagen, i den tradisjonelle tydinga av «å lære», men legg den nye særtydinga i ordet.

Det er ikkje i seg sjølv problematisk om «å lære» får ei tilleggstyding. Til jamføring har dette verbet på islandsk (*læra*) fått tilleggstydinga 'studere' jamsides den allmenne, og på svensk har *läsa* fått den tilleggstydinga jamsides den generelle. Problemet er at den nye tydinga til «lære» og «læring» fungerer som eit snikargument for eit politisk standpunkt, når ein ikkje presiserer kva ein meiner. Den tradisjonelle tydinga av «å lære» blir allment oppfatta som udelt positiv, og dermed er det vanskeleg å vera imot «meir læring i barnehagen». Vi er jo ikkje imot at ungane skal lære! Hadde ein sagt «meir skulebokstoff i barnehagen», så ville fleire vore skeptiske.

Forvirringa som den nye dobbeltydinga til «å lære» skaper, ser vi ikkje minst av innendingane som kjem mot dreinga av innhaldet i barnehagen eller mot skulestart for femåringar. Få protesterer mot at «læring» blir brukt på ein vridd måte eller avviser at femåringar bør lære meir formalkunnskap. Innendingane er heller at «tidlig innsats [med læring] bør skje på barns premisser» (t.d. nestleiar Terje Skyvulstad i Utdanningsforbundet) eller at det er barnehagane som har størst kompetanse på femåringar (Elisabeth Strengen i Foreldreutvalget for grunnopplæring 26.1.2014)⁴, eller at argumentet for endringar må vera kva som er best for barna, ikkje kva som er best samfunnsøkonomi (Kjetil Bragli Alstadheim i Dagens Næringsliv og John Arne Markussen på leiarplass i Dagbladet, 28. og 27.1.2014)⁵.

Om vi no skreller bort den forvirrande språkbruken: Bør femåringar lære meir skulebokstoff? – for at dei sjølve eller samfunnet skal klare seg betre i lengda? Bygger dreinga av tilbodet til småborna på fullgod kunnskap og vidt nok perspektiv? Eg har ikkje fasiten, og er klar over at tanken er å pakke tekstkunnskap og matematikk inn i leik og at ein del forskning tyder på at slik stimulering gjer at ungane klarer seg betre seinare i livet. Men ein del av forskinga som blir teken til inntekt for meir formalkunnskap for femåringar viser fyrst og fremst at barnehage er bra, ikkje nødvendigvis at større vekt på formalkunnskap vil vera endå betre.

Men om vi godtek premisen om at det er samfunnsøkonomien og næringslivet sine interesser vi skal innrette oss etter, og om vi seier at meir formalkunnskap formidla slik det er tenkt har den tilsikta verknaden – då kan vi likevel spørja om det er dét ein bør satse på, eller om det er andre ting det er endå viktigare at ungane får meir av. Ein slik ting kan vera aktivitet som aukar sjansen for at ungane blir fysisk aktive seinare i livet. Manglande mosjon og livsstilssjukdomane det fører til er blant dei aller største utfordringane vi står overfor som samfunn. Norske 15-åringar rører seg no mindre enn 80-åringar, viser tal frå Helsedi-

² Sagt mange gonger, her 17. februar 2014, <http://www.nrk.no/telemark/roe-isaksen-besokte-barnehage-1.11548755>, jamfør http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/aktuelt/nyheter/2024/-et-godt-eksempel.html?reg_oss=1&id=751356.

³ <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Hoyre-topp-vil-ha-femaringer-pa-sko-len-7447299.html#.U7KnQE-KBbU>.

⁴ Aftenposten, <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Hoyre-topp-vil-ha-femaringer-pa-sko-len-7447299.html#.U7KnQE-KBbU>.

⁵ <http://www.dn.no/meninger/kommentarer/2014/01/28/barnekynismen>; <http://www.dagbladet.no/2014/01/27/kultur/meninger/leder1/dbmener/skulestart/31496881/>.



rektoratet.⁶ Det er vanskeleg å tenkje seg at større vekt på formalkunnskap i barnehagen ikkje i mange tilfelle fører til meir stillesitting, trass i intensjonen. Når det gjeld næringslivet sine kompetansebehov, kan det òg vera andre ting som er viktigare enn formalkunnskap. Evne til å arbeide sjølvstendig har fram til no vore ein av dei største styrkane til norske arbeidstakarar, men det kan bli annleis i framtida, så gjennomorganisert som oppveksten er no. Tid til fri, uorganisert leik og aktivitet er kanskje det som mest er mangelvare for barn i dag, slik det har vore peika på ein del dei siste åra. Det er viktig også for kreativitet, som blir viktigare og viktigare for næringslivet. Og så er det praktisk arbeid og praktisk pro-

blemløysing, som befolkninga blir dårlegare og dårlegare til, men som alltid kjem til å vera avgjerande i mange yrke – derfor er ungdom frå gard svært ettertrakta i dei yrka⁷ – og som truleg er med på å utvikle dei teoretiske evnene våre òg. Det er altså slett ikkje sikkert at meir skulebokstoff i barnehage og småskule gagnar næringslivet og samfunnsøkonomien, kanskje tvert imot.

Som norsklærar legg eg gjerne til rette for «meir læring» av fagstoffet mitt i barnehagen, snedig pakka inn i tilrettelagd leik. Men som far og samfunnsborgar held eg kanskje ein knapp på meir daudtid som kan gjera at ungane må finne på meir sjølve. Og eg trur faktisk næringslivet og eg har samfallande interesser. ■

⁶ 15.2.2012, <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/15-aringer-sitter-mer-stille-enn-pensjonister-6762977.html#U7LfD0-KBbU>.

⁷ 22.12.2007, <http://www.bt.no/na24/Arbeidsgiverens-drom-er-fra-lan-det-1871063.html#U7PcaEDm7Lk>.